

	SOLA	FLO	FJÆRE
LAURDAG 11.AUGUST	05.41/21.43	06.05/18.42	/12.17
SØNDAG 12. AUGUST	05.44/21.41	07.17/20.01	02.08/13.46
MÅNDAG 13. AUGUST	05.46/21.38	08.41/21.15	02.42/14.59

Tips oss på tlf. 56 34 30 30 eller vakttelefon 97 15 10 20. E-post: redaksjonen@strilen.no • www.strilen.no

## GODT SAGT:

Dei største sorgene i livet kjem ikkje av tap og ulukke, men av frykta for dei.

A. C. BENSON

## NAMNEDAG

Laurdag 11.8.: Torvald, Tarald  
Søndag 12.8.: Klara, Camilla  
Måndag 13. 8.: Anne, Anine, Ann

## VËR OG VIND

Laurdag: Skiftande bris. Fint ver og varmare.  
Søndag og måndag: Skiftande bris. Stort sett varmt og fint ver

## STINA I STØÆ:

Dei vil ta knekken på pærebrann på Frekhaug og ha avklart rasfare i Masfjorden.  
– Mykje flisespikkeri begge stader, forstå eg...



# Levi Henriksen i Emigrantkyrkja



**SMÅBYROCK:** Tekstane dei to muskarane Levi Henriksen (til høgre) og Thomas Mårud presenterer på Sletta søndag, er inspirert av livet i småbyen. Dei held begge til i Kongsvinger.

## RADØY: Søndag tek Levi Henriksen og Thomas Mårud publikum med på ei musikalsk reise på Sletta.



Av Ketil Tjore  
ketil@strilen.no

Dei to held konserten «Vi som elsker Amerika», i Emigrantkyrkja på Sletta.

Levi Henriksen er nok for dei fleste kjent som forfattar, med titlar som «Snø skal falle der snø har falt», «Alt det som lå meg på hjertet» og «Bare mjuke pakker under treet». Sistnemnde dannar basis for Bent Hamer sin film Hjem til jul (2010), heiter det i ei melding frå konsertarrangørane.

Men Henriksen er også tekstforfattar og muskar. Saman med Thomas Mårud spelar han rock med tekstar frå livet i små-

byen. Nyleg kom dei med si fjerde plate, «Langt sakte tog», som hausta gode kritikkar (melom anna terningkast 5 i Dagbladet). Som tittelen røper, er tog eit gjennomgangstema på plata, eit velbrukt framkomstmiddel i Kongsvinger, der muskarane held til. Med tilhaldsstad i eit fylke utan kystlinje, ser bandet rett og slett på jernbanen som sitt hav, heiter det i meldinga om konserten.

**Inspirasjonskjelde**  
Konsert-tittelen «Vi som elsker

Amerika» viser til Henriksen og Mårud si musikalske inspirasjonskjelde. Både tekstmessig og musikalsk har dei ei klar tilknytning til Amerika, og likar å sjå seg sjølve som eit «angloamerikansk band med sterke norske røter».

Konserten er den første av ein serie arrangement i Emigrantkyrkja, med tittelen «Førestellingar om Amerika». Serien tek for seg bilete på Amerika i mellom anna populærkultur, politikk og idéhistorie. Neste arrangement er føredraget

«Noreg i Amerika og Amerika i Noreg» med professor Frank Aarebrot (UiB) 17. oktober.

### Kystsogevekene

Konserten søndag er eit av opningsarrangementa for Kystsogevekene i Radøy, som blir opna av ordførar Jon Askeland klokka 12 same dag. Det blir musikalske innslag og aktivitetar for heile familien. Arrangementa skjer i samarbeid med Radøy kommune.

## PONDUS



## NOROM BRUNÆ

### Har du trua på ein varm august?



**Iris Mjelde:**  
– Nei, men eg håpar på det.



**Inger Tingstad:**  
– Ja, eg trur det vert sommarvêr igjen!



**Åse og Per Hølleland:**  
– Jada, me trur det! Neste veke må det i alle fall verta betre enn det er no.



**Dina Østensen, Tobias Østensen og Kristine Peiffer:**  
– Det må verta varmt, for me skal jo bada i sjøen!

**Strilen**  
Vakttelefon  
**97 15 10 20**